



## Søknad om lotteri med omsetning over kr. 200.000

Opplysningar om organisasjonen			
Organisasjonsnummer	Namn		
Adresse			
Lotteriet sitt formål			
Lotteriansvarleg person			
Feltet skal ikkje fyllast ut	Førenamn	Etternamn	
Telefonnummer	E-post		
Entreprenør / medhjelpar (jf rettleiing pkt. a)			
Organisasjonsnummer	Namn		
Loddprodusent			
Namn		Adresse	
Kontaktperson	Telefonnummer	E-post	

### OPPLYSNINGAR OM LOTTERIET

Type lotteri (jf rettleiing pkt. b)	<input type="checkbox"/> Etterhandstrekk	<input type="checkbox"/> Førehandstrekk	<input type="checkbox"/> Kombinasjonslotteri
Trekningsdato	Trekningsansvarleg/trekningsstad: (jf rettleiing pkt. d)		
Kunngjeringsdato	Trekning blir kunngjort i (aviser/nettstad):		
Antall lodd	Loddpris à kr	Omsetningsråde	
Antall gevinstar	Gevinstverdi (min. 25% av budsjettert omsetning)		
Garantist/namn, tlf (jf rettleiing pkt. e)	Garantert beløp		
Loddsalsperiode (frå-til)			
Loddsalsområde: (jf rettleiing pkt. f)			
<input type="checkbox"/> Heile landet			
<input type="checkbox"/> Anna område. Gi opp salsområde (kommune / fylke / region/ politidistrikt):			

Stad/dato

Underskrift organisasjonens leiar

BLOKKBOKSTAVAR

#### Vedlegg: (jf rettleiing side 2)

- Loddsetel eller beskrivelse som viser loddets framside og bakside – (jf rettleiing pkt. c)
- Gevinstliste – (jf rettleiing pkt. c og e)
- Gevinstgaranti – (jf rettleiing pkt. e)
- Stadfesting frå trekningsansvarleg – (jf rettleiing pkt. d)
- Kalendar for trekningsdatoar (ved fleire trekningar/månads/vekestrekningar)
- Fullmakt frå organisasjonen (ved medhjelpar mot betaling) – (jf rettleiing pkt. a)
- Tilleggsvedlegg for **skrapelodd**, jf. forskrift om førehandstrekte lotteri med skrapelodd av 15.6.2011:
  - Dokumentasjon på at alle lodd i løyvet blir produsert før dei blir lagt ut for sal, jf. § 5.
  - Dokumentasjon på tilfeldig fordeling av gevinstar og gevinstsymbol blant alle lodd, jf. § 6.
  - Dokumentasjon av rutiner som viser at lotteriets sikkerheit hos organisasjon/agent/medhjelpar er tatt vare på i lotteriets ulike faser, jf. § 7.
  - Kopi av loddprodusentens sertifisering (NS-EN ISO 9000:2000 eller seinare tilsvarande versjon), jf. § 9.
  - Laboratorietest av loddsetel på fastsett skjema (må evt. ettersendast før endeleg løyve kan bli gitt), jf. § 9.



### Rettleiing til skjema:

Lag og organisasjonar kan søkje om å ha førehands- og etterhandstrekte lotteri med omsetning over kr 200.000 (stort lotteri). Organisasjonar som søker om løyve til å halde lotteri, må først vere godkjende som lotteriverdig organisasjon. Det er Lotteritilsynet som gir slik godkjenning. Med lotteri meiner vi her tradisjonelle førehands- eller etterhandstrekte lotteri. Salsperioden kan vere inntil 12 månader. Hovudgevinsten kan ikkje ha verdi over 2 millionar kroner. Når lotteriet er ferdig skal lotteriansvarleg sende rekneskapsrapport på fastsett skjema til Lotteritilsynet innan 4 månader.

#### a) Entreprenør/medhjelpar

Dersom det blir brukt entreprenør/medhjelpar skal det leggst ved fullmakt med opplysningar om kva rolle denne skal ha og omfanget.

#### b) Type lotteri

- *Etterhandstrekt lotteri.* Det blir trykt opp papirbaserte loddsetlar der det blir gjort ei trekning etter avslutta loddssalsperiode.
- *Førehandstrekte lotteri (for eksempel skrapelodd).* Lotteri med papirbaserte loddsetlar der spelefeltet er dekkja av eit ikkje gjennomskiktig materiale. Når materialet blir skrapa bort, eller luka blir opna, kjem det straks fram om loddet er eit vinnarodd eller ikkje.
- *Kombinasjonslotteri.* Denne typen lotteri er ein kombinasjon av de to andre lotteritypane.

#### c) Krav til loddsetelen

Det skal sendes inn eit utkast av loddsetel saman med søknadsskjema. Loddsetelen skal ikkje i utløyrlig grad brukast til privat reklame. Loddsetelen skal innehalde følgjande informasjon:

Organisasjonen sitt namn eller logo og korleis inntektene skal brukast, kontaktinformasjon til lotteriarrangør, kor mange lodd som er lov til å selje, loddpris, samla gevinstverdi og siste salsdag, oversikt over gevinstane i lotteriet (det skal gå fram kva gevinstane er, antall og verdi), at lotteriet har løyve frå Lotteritilsynet, frist og stad for henting av gevinst, behandling av gevinstar som ikkje blir henta. På *etterhandstrekte lodd* skal det i tillegg gå fram om uselde lodd skal vere med i trekninga, tid og stad for trekninga og kunngjering av trekningsresultatet. På *skrapelodd* skal telefonnummer til Hjelpelinja for speleavhengige (800 800 40) vise.

#### d) Trekningsansvarleg

Det er Lotteritilsynet som skal gjennomføre trekning av lotteri over kr 200.000. I særskilte tilfelle kan ein søkje om at ei anna myndigheit kan trekke lotteriet.

#### e) Gevinstgaranti

Loddsalet skal ikkje settast i gang før det er dokumentert at gevinsten er kjøpt eller at det ligg føre ei godkjend sikring for at dei nødvendige midlar er til stades i lotteriet. Søknaden skal dokumentere både gevinstane sin reelle verdi og kva dei kostar å kjøpe (salsverdi med fråtrekk av rabattar, sponing og liknande). Gevinstgarantien skal dermed dokumentere at lotteriet har midlar som tilsvarar verdien av gevinstane. Følgjande dokumentasjon er godkjent av Lotteritilsynet:

- Bankgaranti som dekker heile gevinstverdien.
- Den lotteriverdige organisasjonen dokumenterer at eit beløp tilsvarande gevinstverdien er plassert på sperra konto.
- Dokumentasjon på at gevinstane faktisk er overlevert til arrangør av lotteriet.

Merk at det på garanti/dokumentasjon på sperra konto skal gå fram av formuleringa at beløpet er til Lotteritilsynet sin fordel. Det er Lotteritilsynet som opphever beløpet når rekneskapet er mottatt og kontrollert av Lotteritilsynet. Gevinstverdien skal tilsvare minimum 25% av den maksimale omsetninga som er tillatt for lotteriet.

#### f) Loddssalsområde

Sal av lodd skal berre skje i det området som arrangøren av lotteriet har si verksemd. Salsområdet for lotteriet skal førast på søknadsskjemaet.

Det er viktig at opplysningane om organisasjonen er korrekte i Enhetsregisteret. Kontrollér opplysningane hos [www.brreg.no](http://www.brreg.no) og meld eventuelle endringar via [www.brreg.no/blanketter/](http://www.brreg.no/blanketter/)

Send til: **Lotteri- og stiftelsestilsynet, Postboks 800, 6805 Førde**

Merk konvolutten «Søknad om lotteri over kr 200.000»

Informasjon om regelverk finn du på [www.lotteritilsynet.no](http://www.lotteritilsynet.no), eller du kan ringe telefon 57 82 80 00